



Nordre Samnanger hjortevald

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
21/35225	21/4603	Hans Halvor Kvåle - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		10.06.2021

Delegert sak

Melding om vedtak - Bestandsplan for hjort 2021-2025 Nordre Samnanger hjortevald

Vedtak

Nordre Samnanger hjortevald får godkjend bestandsplan for hjort i perioden 2021-2025. Det vert sett som vilkår for godkjenninga at andelen bukk vert redusert til 15%, og andelen kalv vert auka til 25%.

Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16.

Vedtaket kan klagast på. Klagefristen er tre veker frå de mottok vedtaket jf. forvaltningslova § 28. Klagen skal sendast til Samnanger kommune.

Saksframstilling

Nordre Samnanger har søkt om godkjenning av bestandsplan for hjort for planperiode 2021-2025. Det er totalt søkt om 265 løyver i femårsperioden. I førre planperiode hadde valdet tildelt 200 løyver der 169 dyr vart felt, som gav ei avskyting på 85% av tildelt kvote.

Fordeling av løyver for 2021-2025:

Type dyr	Tal	%
Kalv	53	20 %
1 ½ år - han	53	20 %
Vaksne hodyr - 1 ½ år eller eldre	105	40 %
Bukk - 2 ½ år eller eldre	53	20 %
Totalt	265	100 %

5-årig avskytingsplan NSH 2021-2025

Tildelte løyver og felt hjort i førre planperiode:

Jaktfelt	1 (3500 daa)	2 (3500 daa)	3 (2700 daa)	4 (1000 daa)	5 (1700 daa)	6 (4300 daa)	7 (3000 daa)	8 (3000 daa)	9 (5206 daa)	Sum årlig	Fordeling
Eldre hodyr	5	3	4	2	4	11	2	0	2	33	19,5 %
Eldre hannedyr	4	4	6	1	2	6	3	1	9	36	21,3 %
1 1/2 åringer - Hø	3	2	7	0	4	6	2	1	3	28	16,6 %
1 1/2 åringer - Han	1	4	6	0	3	10	2	0	4	30	17,8 %
Kalv	4	6	7	2	3	9	3	3	5	42	24,9 %
Sum	17	19	30	5	16	47	12	5	23	169	100 %
Døkar per dyr per år	1029	921	450	1000	531	512	1250	3000	1132	973	
Tildelt i årlig fellingoplan	19	22	30	12	17	44	17	17	38	200	
% avskyting i feltet	89 %	86 %	100 %	42 %	94 %	95 %	71 %	29 %	61 %	85 %	




Vurdering

Tildeling av løyver

Sidan 2010 har det vore eit målsetjing i Samnanger kommune om å redusera hjortebestanden med 30 % i høve 2010-bestanden og stabiliserast på dette nivået. Det skal sikrast ei vital og sunn hjortestamme med god avkastningsevne. Denne målsetjinga var del av ein kommunal strategi som skulle vara frå 2010 til 2020. Ut frå bestandsutviklinga er situasjonen slik at det framleis må til ei høg avskyting for å redusera hjortebestanden. Avskytingsprosenten frå tidlegare planperiode i Nordre samnanger hjortevald tyder på at det er trong for å halda fram med høg avskyting. Fråviket på 25% frå minstearealet i tråd med *forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7* som Nordre Samnanger hjortevald har lagt til grunn i bestandsplanen for 2021-2025 kan difor godkjennast og kvoten på 265 dyr kan tildelast.

Kjønnsfordeling

Eit anna mål ved hjorteviltstrategien i kommunen er at hjortebestanden skal ha ei kjønnsfordeling der kolle/bukk-indeksen er mellom 1,2 og 1,8.



Ut frå tabellen over ser ein stabilt låg andel bukk i høve koller i Nordre Samnanger hjortevald. Til tross for at andelen bukk i 2020 var høgare enn dei førre åra, er det ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å slå fast at andelen bukk har hatt ein stabil auke i tråd med den kommunale målsetjinga. Halde saman med målsetjinga om å auka gjennomsnittsalderen på vaksne dyr og eit større innslag av større bukkar må ein vera meir tilbakehalden i avskytinga på hanndyr. Andelen bukk i avskytingsplanen skal difor reduserast frå 20% til 15% av den tildelte kvoten. For å sikra god rekruttering av bukk og eldre koller, skal ikkje omfordelinga føra til auke i tildeling av spissbukkar eller koller. Lågare slaktevektar og stadig fleire hodyr som ikkje kjem i brunst ved 1,5 årsalder vitnar om ein bestand med dårlegare kondisjon. Reduksjon i bestanden og avskyting som stimulerer til ein høgare snittalder på hjorten vil vera grep som er eigna for å bøta på den negative utviklinga. For at omfordelinga skal vera best i tråd med den kommunale målsetjinga skal tildelinga av kalv difor aukast tilsvarande frå 20% til 25%.



Omfordeling av løyver i planperioden

Som ein hovudregel skal det ikkje overførast meir enn 10% av tildelte løyver mellom år i planperioden. På grunn av den særlege situasjonen med behov for monaleg reduksjon av bestanden vil kommunen tillata ei overføring på 20% mellom år i planperioden slik at valdet får god fleksibilitet til å oppnå ynskt avskyting. Dersom kommunen ser det naudsynt, kan kommunen gjera endringar undervegs i planperioden kva gjeld slik overføring.

Med vennleg helsing

Øystein Svalheim
Landbrukssjef

Hans Halvor Kvåle
Landbrukskonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Hilde-Lill Våge